

**Tone Bleie**

**A New Testament: Scandinavian Missionaries and Santal Chiefs from Company and British Crown Rule to Independence**  
**Solum Bokvennen AS, 2023**

Anmeldt av Rolf Kjøde, Førstelektor NLA Høgskolen Bergen

Professor Tone Bleie ved Universitetet i Tromsø har i årevis arbeidd med spørsmål knytt til urfolk i Sør-Asia, på hindi kalla *adivasi*, med vekt på santalfolket i India og Bangladesh. *A New Testament* er eit arbeid som søker å tolke den skandinaviske misjonshistoria i santalfolket ut frå sosialvitskapleg teori. Det utfordrar den tidlegare historieskrivinga ved misjonens egne forskarar på ein spennande måte. I innleiinga skriv forfattaren at boka dekkjer tre historiske periodar (1867-1910; 1911-1947; 1947-notida), men sjølv om dei to siste av desse periodane kjem inn i siste del av boka, er det i realiteten den tidlege perioden som har vekt.

Sjølve tittelen, *A New Testament*, er i seg sjølv ei utfordring. I moderne engelsk spelar den gamle tydinga «pakt» i dag berre ei arkaisk rolle. *Testament* har i hovudsak to hovudtydingar i dagens engelske bruk, noko i retning bevis for eller uttrykk for overtyding, og det vi vil kalle eit testamente, altså ein siste vilje, i overført tyding noko som står igjen etter ein. Bleie skriv ikkje kva tyding ho lener seg mot. Kanskje er det bevisst, men for meg blei det eit uløyst spørsmål. Det vil seie, eg har ei aning om at målsettinga er å nytolke historia. Johan Nyhagens og Olav Hodnes historie om Santalmisjonens arbeid i India, med nokre linjer til Bangladesh og Bhutan, blir referert til, som ressurs, men også med kritikk. Slik Nyhagen/Hodne si tolking stod som ei slags norm frå generasjonane før oss, vil kanskje Bleie gi ei ny autorisert tolking der sosialvitskapen og ikkje teologien eller misjonsstrategien legg premissa.

Boka er bygd opp med fire hovuddelar. Del ein set det gryande misjonsarbeidet overfor santalane i ein kontekst av den større samtidshistoria med omfattande vestleg imperial aktivitet. Ho beveger seg frå det større tablået der ho gir til kjenne ein del av dei tolkningsnøklane som ho brukar, for så å nærme seg den konkrete etableringa av misjonsverksemd. Bleie har brukt mykje tid i Normisjonens arkiv frå Santalmisjonens si tid og også slik gått til kjeldematerialet. I tolkinga av materialet maktar ho å vere kritisk i ulike retningar, ikkje minst mot den einsidige måten sekulære fagmiljø ofte omtalar misjonshistoria – gjerne møtt med forskansing frå misjonsmiljøet. Bleie inviterer til ein open samtale som er kritisk utan å vere fordømande.

Del to tar for seg misjonens entreprenørskap og viser korleis pionerane kom i ein mellommannsituasjon mellom det britiske styret og urfolkets kultur og interesser. Sjølv om Bleie er tydeleg på at misjonsarbeidet på 1800-talet ikkje kan sjåast uavhen-

gig av koloniseringa, og derfor på ulike måtar ber koloniale preg, står misjonspionerane – saman med leiarar i santalfolket – også overfor styresmaktene med ein agenda for santalfolket og santalkulturen. Misjonspionerane oppnådde ein grad av tillit både overfor kolonistyrsmaktene og overfor santalfolket. Samtidig. Bleie siterer seinare sterke anti-koloniale synspunkt frå misjonærkonferansen sin årsrapport i 1947.

Dette speglar noko av det doble preget, sett i sosialvitskapleg perspektiv, som vi møter hos Skrefsrud og dei andre. På den eine sida blei dei sterke forkjemparar for det etnisk kulturelle særpreget i vertskulturen, slik vi ser det med mykje evangelisk misjon. Språk, historie og skikkar blei tatt på alvor, saman med kamp for legale rettar i samsvar med folkets kultur. Bleie gjer eit poeng av at desse som kom frå Skandinavia, sjølve hadde bakgrunn i låg sosial status og at dei kom frå ein utkant i skuggen av dei europeiske stormaktene. På den andre sida representerte misjonens entreprenørar det som frå eit europeisk perspektiv blei rekna som universelle verdiar. Dei kjempa for juridiske rettar og sosial reformar i europeisk forstand og fremja ein moral med tydeleg vestleg preg. Dette doble skulle følgje seinare interessekampar i den kyrkja som blei til, og mellom kyrkja og misjonen.

Også i den tredje seksjonen ligg denne tematikken konstant og vakar. Det er her forfattaren utviklar si forståing av pionerane som «settlers». I lys av at misjonen kom til eit framandt land og skaffa seg jordeigedommar, er omgrepet veldig forståeleg, og Skrefsrud og Børresen blei også i landet livet ut. Sånn sett slo dei seg også personleg ned. Dette kom derimot ikkje til å gjelde dei som kom etter dei. Misjonærane kom til å dra tilbake dit dei kom frå og «settla» seg sånn sett ikkje i India. Sjølv om tanken frå først av har vore at misjonens ulike eigedommar skulle stå i det lokale folkets teneste, kjem vi likevel ikkje frå at misjonen på denne måten institusjonaliserte seg. Måten det skjedde på juridisk, kom til å få langvarige konsekvensar som har vore problematiske opp til vår tid. Derfor reknar eg dette kanskje som boka sin viktigaste del med tanke på å forstå spenningar som framleis er aktuelle.

Bleie går ganske tett på pionermisjonærane og den første generasjonsoverføringa til Paul Olaf Boddning, ein sentral misjonsleiar som forfattaren også tidlegare har skrive om. Når eg igjen las historia om Boddings tragiske ekteskap med Ingeborg Børresen, fekk eg gjennom Bleies framstilling klare assosiasjonar til dei seinare års kampar for å kome til rette med mange misjonærbarns oppleving og skade av langvarige og tvungne fråvær frå foreldre.

I den fjerde delen prøver Bleie å dra ein del linjer framover. Ho startar med Boddingsamlinga som blei donert til Etnografisk museum i Oslo og tar det som eit døme på vestleg eksport av kulturelle verdiar frå koloniverda til vesten. Bleie peikar på korleis dette blir vurdert svært problematisk i dag og drar også nokre linjer til måten vi har brukt tilsvarande samisk materiale på. Alt dette er interessant og viktig nok, men slik eg les stoffet, står dette kapittelet litt for seg sjølv utan altfor sterke linjer til det før og det etter.

Dei to neste kapitla i del fire drar linjer på ein heilt annan måte til delane framfor. Forfattaren er her i det mest drøftande stoffet. Forfattaren er tydeleg kritisk til det ho ser som ei sentralisering av makt, ikkje minst gjennom framveksten av sterkare «heimeorganisasjonar» etter pionermisjonærane døydde, i Norge frå 1911. Her klarer ho å få fram ei maktforskyving som ikkje minst skapte spenningar då arbeidet peika i retning kyrkjeleg etablering. Ho argumenterer overtydande for at pionermisjonærane, om dei var aldri så patriarkalske og matriarkalske som leiartypar, hadde ein «finger-spitzgefühl» til santalkulturen som tapte seg då misjonen blei strammare organisert og makta tydeleggjort både i Norge, Danmark og USA – og i misjonærfellesskapet. Det blei ikkje konfliktfritt. Og det demonstrerte at misjonen ikkje hadde høgt nok på sin agenda å legge til rette for Anderson og Venn sine tre «sjølv».

I siste kapitlet drar Bleie inn den norske staten sin sekulære humanitetsagenda gjennom bistand frå 1950-talet og framover, og då nettopp i India. Det treng ein kanskje ikkje legge så mykje vekt på som forfattaren, for det skjedde på motsett side av det indiske kontinentet. Kontakten mellom misjonen og Kerala-prosjektet var avgrensa til å ta imot bistandsbarn til internatskolen som misjonen dreiv for misjonærbarn i Sør-India, fleire hundre mil frå foreldra i nord. Forfattaren påpeikar at den norske staten ved å finansiere norsk misjons bistand er i posisjon til legge premiss for kva kristen misjon skal drive med. Det bør misjonsleiarar vere svært merksame på så dei ikkje sel identiteten sin til spottpris.

Samtidig er historieframstillinga til Bleie her ikkje veldig presis. Ho konkluderer i note 937 med at pengeinnsamling til misjon i det sekulære etterkrigs-Europa truleg ikkje er gjennomsyra av den gløden for evangeliet som vi fann før 1960. Den kjelda ho brukar på dette, Terje Tvedt, kan knappast brukast. Eg har ni-lese dei 80 sidene i Tvedts framstilling som ho referer til, og rett nok kan han vere kritisk nok både til stat og misjon, men om økonomi og motivasjon seier han berre at misjonen faktisk har fått store pengebeløp til bistand sidan 1963. Det er sant nok, sjølv om beløpa dei første 20 åra var små samanlikna med det mange har fått frå staten dei siste tiåra. At det kan ha svekka misjonsorganisasjonars evangeliske identitet, trur eg også er rett, men som Tvedt skriv i 2017, har det knappast endra NLM sin evangeliske iver – som Tvedt elles kan klare seg utan. Ut frå eige kjennskap til den organisasjonen som forvaltar arven etter Skrefsrud, vil eg seie det same. Det er jo ikkje slik at etterkrigstida og oppstarten av bistand førte til stans i misjonsorganisasjonane sin gåvetilgang, slik Bleie gir inntrykk av. Tvert imot var det ei sterk generell veksttid i fleire tiår, truleg fram til 1990. Det må nokon gjerne forske på. Misjonskongressen i Lausanne i 1974 hadde ein enorm konsekvens for evangelisk verdsmissjon, ikkje minst i Norge, og førte til ein veldig vekst. Sjølv i åra 2003-2013 auka Normisjons gåver årleg i takt med lønnsutviklinga. Fleire organisasjonar hadde og har større vekst, slik som Opne Dører. Dei er ikkje kjent for å mangle evangelisk glød.

Forfattaren skriv engelsk med eit svært rikhaldig vokabular. Boka er dessverre skjemma av ein del ortografiske feil. Undervegs finns det også nokre faktafeil. I note

33 gjer Bleie eit større poeng av at generalsekretær i Normisjon 2014-2020, Anne Birgitta L. Kvelland, var ordinert og dermed «Rev.». Det er ikkje korrekt. At den indiske samarbeidskyrkja fekk sin første kvinnelege pastor i 2017 er i det minste unøyaktig. Då eg kom i teneste i Normisjon i 2003 var det minst to ordinerte kvinner i NELC, rett nok ingen av dei i lokalt pastorat. At ordninga med kvinneleg ordinasjon i si tid blei vedtatt i kyrkja under sterkt press frå LVF, seier ikkje forfattaren noko om. Kan ikkje slikt også vere ein form for «kolonialisme»?

Frå eit teologisk synspunkt, går det an å peike på nokre unøyaktige framstillingar. På side 77 påstår Bleie at kristendommen med sin monoteisme fører til eit skilje som desakraliserer naturen og slik legg den open for utnytting. Historisk er det vanskeleg å vise at «kristne» land før industrialiseringa har levd i eit rovdyrforhold til naturen. Opninga for denne utnyttinga er snarare noko som kom med deismens fjerne Gud og den rasjonalismen som fristilte oss frå ansvaret under Gud. To sider før kallar ho den allmenne kristne trua på det universelle i evangeliet for «philosophical ideas», mens det i kyrkja si historie utan tvil har lagt som ei overtyding nøye knytt til inkarnasjon, død og oppstode heilt frå Jesus sjølv gav misjonsbodet. På side 295 skisserer Bleie eit tradisjonelt vestleg kvinneideal for 150 år sidan og kallar det (eg tolkar det negativt meint) for «pietistisk», mens det ho skisserer i vel så stor grad må seiast å vere dåtida sitt borgarlege ideal.

Ein siste merknad av dette slaget kan vere måten ho omtalar Bodding på. To gonger, t.d. på side 360, kallar ho han ein «rasjonalistisk teolog». Ho fører ikkje kjelder for dette, men påstanden er nesten uråd å ta som sann. Bodding var djupt forankra i klassisk evangelisk luthersk tru. Det kan vere at ho meiner han var teologisk fagmann, eller var ein meir reflekterande og rasjonell type og mindre emosjonell enn dei rundt han, men det er i så fall noko anna. Jamvel fundamentalismen er rasjonell på sine premiss, men slett ikkje rasjonalistisk. Og rasjonalisme er slett ikkje alltid rasjonell. På sett og vis seier ho mot seg sjølv på dette punktet når ho to gonger, m.a. på side 393, knyter Bodding sitt leiarskap til «heralded the introduction of conservative Scandinavian Lutheranism». Dette går ikkje i hop.

Bleie har skriva ei viktig og god fagbok som bør interessere i det missiologiske miljøet. Dei fleste vil vere godt fortruleg med etnografisk og antropologisk metodikk og ser at det gjer synsfeltet breiare i vitskapen si jakt på sanninga. Eg håper boka kan stimulere god samtale mellom fagmiljøa til beste for både missiologifaget og for misjonsarbeidet i dag.